



Arkivnr: 2015/11453-103

Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre		25.10.2017

**Endring av kvalitetssikringssystem for Fagskolane i Hordaland****Samandrag**

Fagskolen i Hordaland er under revisjon hjå NOKUT og i samband med tilsynsrapport er det sett nokre krav til endringar i dei grunnleggjande føresetnadene for å drive fagskuleutdanning (t.d. styrevedtekter, forskrift og kvalitetssikringssystem).

Kvalitetssystemet for Fagskolane i Hordaland vart sist revidert av styret 23.03.2017, og er godkjent av NOKUT. Under revisjonen peika NOKUT på at Fagskolen i Hordaland sitt samarbeid med næringslivet måtte systematiserast og dokumenterast i større grad enn før. På bakgrunn av dette er kvalitetssikringssystemet for Fagskolane i Hordaland oppdatert med eige spørjeskjema for næringslivsrepresentantar. Det er også gjort nokre justeringar i kvalitetssystemet i høve til årshjul og oppfølging av kvalitetsbrest m.m. I tillegg er studenttal og fakta om Fagskolane i Hordaland oppdatert, og det er gjort nokre språklege justeringar.

**Forslag til vedtak**

Styret for Fagskolane i Hordaland vedtek oppdatert kvalitetssystem slik det kjem fram av saka.

Svein Leidulf Heggeheim  
fylkesdirektør opplæring  
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit  
seksjonsleiar skule

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

**Vedlegg****1 Kvalitetssikringssystem for Fagskolane i Hordaland**

## Fylkesrådmannen, 05.10.2017

Fagskolen i Hordaland er under revisjon hjå NOKUT, og i samband med tilsynsrapport er det sett nokre krav til endringar i dei grunnleggjande føresetnadene for å drive fagskuleutdanning (t.d. styrevedtekter, forskrift og kvalitetssikringssystem).

Kvalitetssystemet for Fagskolane i Hordaland vart sist revidert av styret 23.03.2017 og er godkjent av NOKUT. Under revisjonen peika NOKUT på at Fagskolen i Hordaland sitt samarbeid med næringslivet måtte systematiserast og dokumenterast i større grad enn før. Fagskolen har svart på dette ved å gjennomføre årleg dialogmøte/fagdag med aktuelle næringslivsrepresentantar innan bygg og elkraft; oppdatere samarbeidsavtalar og utarbeide eige spørjeskjema til næringslivsrepresentantar. På bakgrunn av dette er det naudsynt å oppdatere kvalitetssikringssystemet for Fagskolane i Hordaland med eige spørjeskjema for næringslivsrepresentantar. Det er også gjort nokre fleire endringar i kvalitetssystemet, og desse vil verte omtalt under. I tillegg er studenttal og fakta om Fagskolane i Hordaland oppdatert, samt nokre språklege justeringar, og dette vert ikkje omtalt under. Oppdatert kvalitetssystem i tråd med saksutkastet er lagt ved som vedlegg.

### Endringar i kvalitetssystemet

Aktivitetane i årshjulet er endra slik (s. 4):

#### Opphaveleg årshjul

Månad	Aktivitetar i kvalitetssikringsarbeidet	Ansvarleg
Januar		
Februar		
Mars		
April	Spørjeskjema – Studentane.	Rektor/KS-ansvarleg
Mai	Spørjeskjema/møte – Undervisningspersonale.	Rektor/KS-ansvarleg
Juni	Spørjeskjema – Sensorane.	Rektor/KS-ansvarleg
Juli		
August	Kvalitetsmelding frå fagskulane.	Rektor/KS-ansvarleg
September	Kvalitetsmelding frå fagskulane vert lagt frem for styret.	Sekretariat
Oktober	Oppfølging av kvalitetsmeldinga (skulebesøk).	Styret/sekretariat/skuleeigar/fagskulane
November	Kontaktmøte m/eksterne interessentar – kvart år.	Rektor/KS-ansvarleg
November	Tiltaksplan for oppfølging av kvalitet og mål for neste skuleår.	Rektor/KS-ansvarleg
November	Tiltaksplan med mål vert lagt fram for styret.	Sekretariat

#### Oppdatert årshjul

Månad	Aktivitetar i kvalitetssikringsarbeidet	Ansvarleg
Januar		
Februar	Fagdag (dialogmøte) m/ næringslivsrepresentantar Spørjeskjema – Næringslivsrepresentantar	Rektor/KS-ansvarleg
Mars		
April	Spørjeskjema – Studentane.	Rektor/KS-ansvarleg
Mai	Spørjeskjema/møte – Undervisningspersonale. Oppdatering/justering av studieplan.	Rektor/KS-ansvarleg
Juni	Spørjeskjema – Sensorane.	Rektor/KS-ansvarleg Avdelingsleiarar/lærarane
Juli		

August	Kvalitetsmelding fra fagskulane.	Rektor/KS-ansvarleg
September	Kvalitetsmelding fra fagskulane vert lagt fram for styret.	Sekretariat
Oktober	Oppfølging av kvalitetsmeldinga (skulebesøk).	Styret/sekretariat/skuleeigar/fagskulane
November	Tiltaksplan for oppfølging av kvalitet og mål for neste skuleår.	Rektor/KS-ansvarleg
November	Tiltaksplan med mål vert lagt fram for styret.	Sekretariat

I det oppdaterte årshjulet er aktivitetane knytt til dialog og tilbakemelding frå næringslivsrepresentantane flytta frå november til februar. Dette gjer at næringslivsrepresentantane sine tilbakemeldingar også vert omtalt i kvalitetsmeldinga som vert lagt fram for styret i september. I juni er det lagt til at studieplanen skal oppdaterast eller justerast, og dette skal verte gjort på bakgrunn av tilbakemeldingar frå næringslivet, studentane, lærarane og sensorar. Med denne organiseringa av årshjulet sikrar Fagskolane i Hordaland at studieplanen er oppdatert/justert til nytt skuleår påfølgande haust.

Organisering av kvalitetsarbeidet er endra slik:

Opphaveleg tabell (s. 4)

Ansvarleg	Ansvarsområde
Styret	Har det overordna ansvaret for kvalitet og yrkesrelevans i fagskuleutdanningane. Skal på bakgrunn av årleg kvalitetsmelding, gi fagskulane klare styringssignal/vedtak om tiltak.
Sekretariatet/skuleeigar	På vegner av styret følge opp kvalitetsutvikling av Fagskolane i Hordaland. Drifte/utvikle verktøya for innhenting av informasjon (spørjeskjema etc.) Førebu sak med årleg kvalitetsmelding til styret. Oppfølging av fagskulane med utgangspunkt i resultata frå den årlege kvalitetsmeldinga deira.
Rektor/leiinga	Har ansvar for det daglege kvalitetsarbeidet ved fagskulen og evt. meir omfattande system ved eigen fagskule, og ansvar for å informere tilsette og studentar om kvalitetssikringssystemet. Organisere innsamling, rapportering og analyse av informasjon om kvaliteten ved utdanningstilboda ved fagskulen. Skal systematisk henta inn tilbakemeldingar frå aktuelle bransjar/eksterne. Følgje opp resultat og analyse av evalueringar i ei kvalitetsmelding til styret. På vegner av styret revidere studieplanane ved fagskulane på bakgrunn av tilbakemeldingar frå studentar, tilsette og arbeidsliv. Rektor melder endringar til styret i samband med tiltaksplan. Legge fram forslag til forbetingstiltak og mål for neste skuleår i ein tiltaksplan.
Undervisningspersonalet	Har det daglege ansvaret for å følgje opp kvalitetssikringssystemet for Fagskolane i Hordaland og evt. meir omfattande system ved eigen fagskule og sørge for kvalitet i eige arbeid. Skal gi ei skriftleg framstilling av eiga vurdering av utdanninga (spørjeskjema).
Sensor	Skal gi ei skriftleg vurdering av utdanninga (spørjeskjema)
Studentane	Skal årleg gi si vurdering av utdanningstilbodet (spørjeskjema).

	Skal bidra til betring av kvaliteten ved å nytte tilgjengelege arenaer for dialog med skuleleiing og medstudentar (t.d. studentråd).
Bransjen/eksterne	Skal delta på periodiske dialogmøte med fagskulane.

Oppdatert tabell

<b>Ansvarleg</b>	<b>Ansvarsområde</b>
Styret	Har det overordna ansvaret for kvalitet og yrkesrelevans i fagskuleutdanningane. Skal på bakgrunn av årleg kvalitetsmelding gi fagskulane klare styringssignal/vedtak om tiltak.
Sekretariatet/skuleeigar	På vegner av styret følge opp kvalitetsutvikling av Fagskolane i Hordaland. Førebu sak med årleg kvalitetsmelding til styret. Oppfølging av fagskulane med utgangspunkt i resultata frå den årlege kvalitetsmeldinga deira.
Rektor/leiinga	Drifte/utvikle verktøy for innsamling av informasjon (spørjeskjema etc.). Har ansvar for det daglege kvalitetsarbeidet ved fagskulen og evt. meir omfattande system ved eigen fagskule, og ansvar for å informere tilsette og studentar om kvalitetssikringssystemet. Organisere innsamling, rapportering og analyse av informasjon om kvaliteten ved utdanningstilboda ved fagskulen. Skal systematisk henta inn tilbakemeldingar frå aktuelle bransjar/eksterne. Følgje opp resultat og analyse av evalueringar i ei kvalitetsmelding til styret. På vegner av styret revidere studieplanane ved fagskulane på bakgrunn av tilbakemeldingar frå studentar, tilsette og arbeidsliv. Rektor melder endringar til styret i samband med tiltaksplan. Legge fram forslag til forbetringstiltak og mål for neste skuleår i ein tiltaksplan.
Undervisningspersonalet	Har det daglege ansvaret for å følgje opp kvalitetssikringssystemet for Fagskolane i Hordaland og evt. meir omfattande system ved eigen fagskule og sørge for kvalitet i eige arbeid. Skal gi ei skriftleg framstilling av eiga vurdering av utdanninga (spørjeskjema).
Sensor	Skal gi ei skriftleg vurdering av utdanninga (spørjeskjema)
Studentane	Skal årleg gi si vurdering av utdanningstilbodet (spørjeskjema). Skal bidra til betring av kvaliteten ved å nytte tilgjengelege arenaer for dialog med skuleleiing og medstudentar (t.d. studentråd).
Næringsliv/eksterne	Skal delta på periodiske dialogmøte med fagskulane.

I den oppdaterte versjonen av organiseringa av kvalitetsarbeidet er punkt om å drifte/utvikle verktøy for innsamling av informasjon (spørjeskjema etc.) flytta frå «Sekretariat/skuleeigar» til «Rektor/leiinga». Det er naturleg når dei to fagskulane frå januar 2018 vert slått saman til éin fagskule, at det er skulen som er ansvarleg for drift og utvikling av kvalitetssystemet. Dette er også praktisert i dag, men i samarbeid med sekretariatet som koordinator. Sekretariatet kan sjølv sagt bidra i vidare utvikling av kvalitetssystemet, men det er fagskulen som skal vere ansvarleg og ha eigarskap til systemet.

#### Punkt 4.4 Sensorane si vurdering av utdanningstilbodet er endra (s. 7):

Siste avsnitt i punkt 4.4 er tatt bort, og er under vist i klamme.

#### 4.4 Sensorane si vurdering av utdanningstilbodet

Sensorane som vert nytta til å vurdere eksamensoppgåver skal gi si vurdering av utdanningstilbodet. Det skal nyttast eit sentralt utvikla vurderingsskjema. Skjema har få spørsmål med svaralternativ (1-6) og høve til utdjuping av eiga vurdering ved kvart spørsmål. Spørsmåla er knytt til eksamensoppgåvene si form og relevans og samanhengen mellom studieplan og dei kunnskapane studentane viser i eksamensoppgåvene sine.

[Vurderingsskjema vert sendt til sensor saman med eksamensoppgåvene. Skjema skal returnerast til fagskulen saman med dei sensurerte oppgåvene. For dei maritime utdanningane skal det leggjast ved eit referat frå eksamenssamarbeidet som er oppretta blant dei maritime fagskulane i landet. Dette vil erstatte bruken av spørjeskjema for sensorar ved dei maritime utdanningane.]

Fagskolen i Hordaland ønskjer at sensorane ved dei maritime utdanningsretningane også skal svare på det same spørjeskjemaet som ved dei andre utdanningane, og derfor vert avsnittet tatt bort.

#### Punkt 4.5 Eksterne interesser si vurdering av utdanningstilbodet er endra (s. 7):

Som nemnt vil fagskolane sende ut eigne spørjeskjema til eksterne interesser i tillegg til å halde dialogmøte/fagdag, og det er derfor lagt til eit nytt avsnitt om dette under punkt 4.5 (nytt avsnitt er markert med klamme).

#### 4.5 Eksterne interesser si vurdering av utdanningstilbodet

For å sikre at utdanningstilboda har naudsynt yrkesrelevans og samsvarar med kompetansebehov i aktuelle bransjar skal det gjennomførast periodiske **dialogmøte** mellom fagskulane og representantar frå aktuell bransje, t.d. arbeidsgjevar- og arbeidstakarorganisasjonar, næringsliv, privat og offentleg verksemd og tidlegare fagskulestudentar. Desse møta skal verte gjennomført minimum kvart år.

Det skal utviklast **møterettleiar** som definerer klare tema som skal drøftast på møtet, t.d. deltakarane si vurdering av utdanninga som yrkesrelevant, tilhøva mellom opplæringsplan og gjennomført opplæring, faktisk oppnådd kunnskap etter studiet, og bransjen og studenten sitt behov for kompetanse. Møtet skal oppsummerast skriftleg og vere ein del av datagrunnlaget for skulen sin årsrapport og analyse/vurdering av kvaliteten.

[I etterkant av dialogmøta skal det sendast ut eit spørjeskjema til aktuelle arbeids- og næringslivsrepresentantar som gjev moglegheit for å gje tilbakemelding på spørsmål om utdanningane sin yrkesrelevans og kvalitet. Ved bruk av spørjeskjema i tillegg til dialogmøte vil fagskulen kunne nå ut enda breiare og få tilbakemeldingar frå representantar som ikkje har høve til å delta på dialogmøtet.]

#### Punkt 4.7 Bruk av kunnskapen til betring av kvaliteten er endra:

Overskrifta til punkt 4.7 er endra slik:

- 4.7 Bruk av kunnskapen til betring av kvaliteten
- 4.7 Oppfølging av kvalitetsbrest og betring av kvalitet

Vidare er det gjort nokre presiseringar i dei to siste avsnitta i punkt 4.7.

#### Opphaveleg to siste avsnitt i punkt 4.7 (s. 8):

Styret v/sekretariatet har ansvar for å organisere skulebesøka. Skulebesøka skal vere førebudde og avtalt med omsyn til tidspunkt, kven som skal delta og kva som skal vere innhaldet (tema/område). På skulebesøka ønsker sekretariatet å treffen leiinga ved skulen samt representantar for studentar og tilsette. Kvart skulebesøk vert oppsummert av sekretariatet og syner kva ein har drøfta, kva resultat ein kom fram til og eventuelt kva betringstiltak ein vart samde om. Oppsummeringa vert sendt til den einskilde fagskule.

Skulebesøka skal danne grunnlag for ei tiltaksplan til styret for å betre kvaliteten på utdanningstilboda ved Fagskolane i Hordaland. Tiltaksplanen til styret skal også omtale dei overordna og lokale måla som er sett av styret for inneverande år. Desse måla er utarbeidd med bakgrunn i aktuell kvantitativ informasjon for Fagskolane i Hordaland som heilskap eller for den einskilde fagskule. Måla vert årleg justert/endra eller vidareført i samband med tiltaksplanen som vert lagt fram for styret med bakgrunn i funn i kvalitetsmeldinga og ved skulebesøka.

Oppdatert to siste avsnitt i punkt 4.7 (s. 8) – endringane er markert med ein klamme:

Styret v/sekretariatet har ansvar for å organisere skulebesøka. Skulebesøka skal vere førebudde og avtalt med omsyn til tidspunkt, kven som skal delta og kva som skal vere innhaldet (tema/område). På skulebesøka ønsker [styret/sekretariatet] å treffen leiinga ved skulen samt representantar for studentar og tilsette. Kvart skulebesøk vert oppsummert av sekretariatet og syner kva ein har drøfta, kva resultat ein kom fram til og eventuelt kva betringstiltak ein vart samde om.

Oppsummeringa vert sendt til den einskilde fagskule.

Skulebesøka skal danne grunnlag for ei tiltaksplan til styret [som skal dokumentere korleis fagskulane følgjer opp kvalitetsbrest og betrar] kvaliteten på utdanningstilboda ved Fagskolane i Hordaland. Tiltaksplanen til styret skal også omtale dei overordna og lokale måla som er sett av styret for inneverande år. Desse måla er utarbeidd med bakgrunn i aktuell kvantitativ informasjon for Fagskolane i Hordaland som heilskap eller for den einskilde fagskule. Måla vert årleg justert/endra eller vidareført i samband med tiltaksplanen som vert lagt fram for styret med bakgrunn i funn i kvalitetsmeldinga og ved skulebesøka.

Endringa i første avsnitt over er gjort av di det frå styret si side er ønskjeleg at styret sjølv, med eitt eller to medlem, deltek på skulebesøka saman med sekretariatet.

Endringa i andre avsnitt over er gjort for å presisere korleis fagskulane følgjer opp kvalitetsbrest og korleis dette skal verte dokumentert for styret.

#### Spørjeskjema – Næringsliv er lagt til:

Som nemnt er det utarbeidd eit eige spørjeskjema til eksterne interessentar, og skjemaet er lagt inn i kvalitetssystemet (sjå vedlegg, siste skjema).